

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Nord-trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Grong.

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken.

Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim.

G.nr. 2 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Juletre er almindelig brukt her i bygda.
2. Etter det ein har høyrd var det ei prestefamilie som fyrst hadde juletre i Grong og det var truleg i 1860 åra.
3. Juletre i kjerka og på festar høyrer den seinare tid til. Den fyrste juletreffest i Grong minnes ein fra 1893. Denne festen var for skuleborna i ein krins.
4. Nokkon særskild stas av bar eller halm i stua i jula har eg ikkje høyrd nemnt her.
5. Nokkon slik stas brukes heller ikkje no men i den seinare tid har det komme i handelen nokko papirstas som t.d. klokker og vimplar med god jul o.l. som er teke i bruk.
6. juletreet var gjerne eit par meter høge. Eller etter storleiken på stua. I ei lita stua kan det vera berre eit lite tre som står på bordet som ein stor blomsterbukett.
7. Juletreet er pynta med papirstas som ein får kjøpt og so er det lys på det som ein kjøper.
8. Det er mest borna som ordnar med pynten av juletreet. men er dei for små må dei eldre hjelpa til.
9. Juletreet står på golvet i ein fot som er gjort til

det bruk. Det vert gjerne plasert i ei krå i stua når det ikkje er tendt men då står det mitt på golvet.

10. Juletreet vert tendt om julekvellen men det vert ogso tendt nyårskvellen og so kan born frå andre heimar komma på besøk og då vert juletreet tendt.

11. der det er ei rommeleg stue vert det gong kring juletreet av borni og det hender at dei eldre ogso er med på denne gongen.

12. Juletreet står gjerne over trettandagen men då må det ut for då tar det til å turka og nålerna fell av det.

13. Juletreet v<sup>e</sup>t hausta julekvellen. Alle gåvorna vert lakt unner treet og dei vert tilslutt teke fram og åpna og det er julekvellens største hending for borna.

14. Til juletre vert alltid nytta gran. Men det hender vist ogso at furru vert brukt.

15. Her er det ikkje naudsynt å laga juletre på kunstig måte då bygda er ei skogbygd der det finns juletre åt alle.

16. Juletre utenfor døra kjenner ein ikkje til her.

1. Halm på golvet julekvellen huskes ikkje her.

2. Kjennes ikkje.

3. kjennes heller ikkje.

4. Julehalmen er ukjendt her som nemnt.

4010

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING